

HELSE OG MAT

Tulipantankar

Det plinga på døra mi i dag. Skjer ikkje så ofte. Helst gjeld det loddssal av ymse slag. Tok eit gløtt ut gjennom stoveglaset for å sjekke. Det var føremiddag og litt tidleg for basarborn. Ei nabokjerring! Og ikkje berre det. Ei nabokjerring med ein papirtutt i neven som godt kunne vere blomar. Ja, ja. Ta det no med ro. Det er vel slik at ho skal gi ein beskjed i forbifarten, og at blomane skal vidare. Men eg ut og helsar med smil om munnen, og eit lite gløtt nedom papirtutten.

– God dag, god dag, Lisa. Så triveleg. Kom inn. Kaffien er varm.

– Nei, ser du. Naboen ser mest litt brydd ut.

– Det var berre ei lita blomehelsing.

Blomehelsing. Lett panikk. Har kona mi ein rund dag som har gått strake vegen forbi meg. Nei, ikkje tale om. Og fødselsdagen min er det no ikkje.

– Du har kanskje sett at eg hadde ein mann på taket mitt i går, og du veit kanskje kvifor?

Eg hadde treft Kåre, ein annan nabo, på senteret, og hadde nemnt at eit par takstein hadde glidd ned frå taket hjå Lisa. Eg er ikkje så sprek i hogda, så eg hadde ymta frampå om Kåre kunne sjå på dette. Lisa er åleine i huset. Tenkte ikkje meir på det, men kobla det sjølvstakt då eg såg Kåre på taket. Men blomar, eg.....

– Kåre har fått vin, og no får du blomar. Kåre sa at han nok ikkje hadde tenkt på taket mitt om ikkje du hadde sagt frå.

Knirkande tulipanar kom i vase og Lisa gjekk heim.

Ny kaffi i koppen. Det vart på ein måte lysare i kjøkkenet. Ja, sola hadde vore her før, men likevel. Noko var det.

Eit par taksteinar, nokre tulipanar i ein vase på eit kjøkkenbord i eit heilt vanleg hus på ein heilt vanleg dag.

Tenke, tenke, som det står i Donald.

Eit triveleg nabolag eg bur i. Javisst, men vi har eigentleg lite kontakt med kvarandre. Snakkast på Senteret, eller i vegen, ved postkassane eller slikt.

For ei veka sidan, møtte eg Håkon, ein eldre kar som bur nedi vegen. Han kom leiande på ein sykkel. Etter eit par innleiande fraser om veret, seier han.

– No er det slutt.

– Slutt på kva seier eg, litt interessert.

– Slutt på sykling for meg. No er han punktrett igjen, og kjeden har slitna.

– Ja, slik kan det gå, seier eg passeleg interessert, og ser ned på det gamle sykkelvirket.

Tilbake ved kjøkkenbordet. Eit gløtt på tulipanane er meir enn nok motivasjon.

Litt verktoy i lomma, boksen med lappesaker, olje i ei lita flaske, ein kjeleadress. Vegen er lett å gå ned til Håkon, som ser litt spørjande på meg då eg står på trappa.

Det blei ein av dei gode dagane i livet mitt.



Borge Rønhovde
Ernæringssterapeut



SIKRAR FRAMTIDA: Ung kvinne med nye spesialbriller som sikrar ho arbeid og inntekt.

(Foto: Kåre Ness)

UD støttar treårig Moldova-prosjekt

– Dette er ein stor dag for oss og for alle synshemma i Moldova, seier Hans Bjørn Bakketeig, leiar for Hjelp Moldova.

Utanriksdepartementet (UD) har no gitt tilsegn om økonomisk støtte til eit treårig prosjekt som sikrar vidareføring og vidareutvikling av Hjelp Moldova sitt "Prosjekt Synshjelp". Målet er å gjennomføra opplæring og kompetansehevinge tiltak i alle 32 regionar i Moldova, og tilføra naudsynt utstyr for diagnostisering og behandling av synshemma. Arbeidet vil skje i nært samarbeid med det medisinske universitetet i hovudstaden Chisinau og universitetssjuehusa.

Felles og frivillig innsats

– Stotta og samarbeidet med UD gjer oss i stand til å verkeleggjere målsetjinga vår, seier Bakketeig.

UD løyver nær ein million kroner kvart år dei neste tre åra – midlar som skal nyttast til utstyr og kompetanseheving.

– Vi er framleis avhengig av ein minst like stor frivillig innsats for å skaffa midlar til drifta av Synssenteret, seier Bakketeig.

Uvurderleg hjelp

Stoda for synshemma i Moldova er framleis svært lite tilfredsstillande, og kunnskapen om korleis dei kan integrerast i vanleg samfunnslev er liten, sjøl blant augnelegar. Det offisielle Moldova har ingen tilbod til synshemma utanom det Hjelp Moldova har bygt



10 ÅRS KAMP: "Lille speil... kven er vakrast? Madelina Malic (14) sitt først litt alvorlege andlet smelta i eit sjarmerande smil då det var hennar tur å sjå i speilet. Mora greidde ikkje halda tårene tilbake. Så var det ikkje umogeleg. Så hadde ikkje 10 års kamp vore forgjeves. Så var der nokon som kunne hjelpa likevel.

HJELP MOLDOVA

Visjonen for Synssenteret er å integrera alle synshemma slik at dei får sjansen til å delta i sosialt liv, skule, arbeid, heim og fritid. All hjelp er gratis, takka vera frivillige sin innsats. Så langt har nær 7000 enkeltpersonar fått hjelp.

Pr dato er det halde kurs for offentleg tilsette augnelegar i 19 av landets 32 regionar. I 10 av desse har sjukehus og poliklinikkar fått tilført naudsynt utstyr for diagnostisering og behandling av synshemma. Målet er tilsvarende innsats i alle regionar når prosjektet er fullført om tre år.

Internasjonal utdanning

Hjelp Moldova er også i gang med eit samarbeid med Det medisinske universitetet om å nytta Synssenteret som del av augnelegestudiet. Det vil opna for at studentar frå Moldova kan hospitera og/eller ta si utdanning ved andre universitet i Europa.

opp gjennom dei siste 10 åra.

I 2009 opna Hjelp Moldova "Det nasjonale kompetansesenteret for Synshemma" i hovudstaden Chisinau, og tilsette augnespesialist Tatiana Ghidirimshi som leiar. Senteret yter hjelp til legar og pasientar over heile landet. I mars 2013 tok Tatiana doktortgraden på tema "Integrering og rehabilitering av synshemma" som den første i Moldova.

Innsend av Kåre Ness